



**Den spesielle hendinga då Stord I måtte dragast laus ved Sandakaien i Uskedalen er rimeleg nok ofra merksemd i boka til Harald Sætre.**

**Den fann stad søndag 10. mai 1987.**

Båten var på ei slags signingsferd etter restaureringa og Rosendal var målet før han gjekk attende til Leirvik for fullføring av arbeida.

Då Stord I skulle leggja til kai i Uskedalen var farten litt for høg slik at baugen vart ståande fast i sandfjóra. Med hjelp frå HSDs 'Tjelden' som låg i nærleiken kom ein raskt laus, skriv Sætre.

'Tjelden' gjekk i Herøysundruta og vart tilkalt i den spesielle situasjonen. Medan dei venta var Harald Nilsen ombord med spekekjøtt og andre godsaker og stemningen var god.

På det øvste biletet blir båten trukke laus. Det er å finna i Sætre si bok.

Det andre biletet, teke av Birger Myklebust, viser båten på grunn ved kaien. 20. mai var den tragiske brannen ved Langenuen.

